

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 19.10.2015
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Hilde Christiansen
SAKA GJELD: **Riksrevisjonen sin rapport - undersøking av sengepostar**

ARKIVSAK: 2015/2248
STYRESAK: **099/15**

STYREMØTE: **10.11. 2015**

Administrerende direktør si orientering pkt. 5

Kva er omfanget av undersøkinga:

Undersøkinga er gjort ved å innhente registerdata mv frå 77 somatiske sengepostar i 29 sjukehus i 13 helseføretak.

Innleiing:

Formålet med Riksrevisjonens undersøking:

1. Målet med undersøkinga har vore å belyse korleis styringa bidrar til effektiv bruk av pleieressursane
2. Undersøkinga omfattar seks kategoriar av somatiske sengepostar:
 - Hjarte, lunge, generell indremedisin, ortopediske, gastro og generell kirurgi

Bakgrunn for Riksrevisjonens undersøking:

- Indikasjonar på variasjon mellom helseføretaka i kor effektivt personalressursane blir brukt, og at ein finn lite informasjon om kva desse forskjellane skuldast
- I 2015 er dei samla utgiftene til dei regionale helseføretaka på meir enn 130 milliardar kroner.
- Lønnskostnadene utgjer om lag 70%

- Sjukepleiarar og hjelpepleiarar utgjer en stor del av dei 70 000 årsverka ved dei somatiske sjukehusa
- Effektiv bruk av pleiepersonalet har derfor stor innverknad for om ressursane i helseføretaka blir nytta på ein god måte

Kva føresetnadar er ikkje lagt til grunn i Riksrevisjonens undersøking:

Riksrevisjonen har ikkje undersøkt korleis reguleringane i Arbeidsmiljølova og tariffavtalene påverkar helseføretaka sin bruk av pleieressursane.

- Arbeidstidsreglane i arbeidsmiljølova og tariffavtalene angir rammer for disponering av personalressursane. I det vidare arbeidet som allereie er starta i føretaksgruppa er det viktig å synleggjera det handlingsrommet helseføretaka har. Det er også viktig at vi sikrar at arbeidsplanane på sengepostane registrerer opplærings- og kunnskapstiltak der det er lagt til konkrete vakter. Det er allereie etablert prosjekt og tiltak for avansert oppgåveplanlegging for sengepostane i tråd med «Alle møter» programmet.

Det er eit solid analysearbeid som er gjennomført av Riksrevisjonen. Helse Vest har under heile revisjonsperioden hatt ein tett og konstruktiv dialog med Riksrevisjonen. Vi har stilt eit omfattande materiale til disposisjon, lagt til rette for og deltaking i saman med Riksrevisjonen på synfaringar på aktuelle fagområder, gitt innspel til deira analysemetodar og vore aktive med konstruktive tilbakemeldingar undervegs i revisjonen. Leiarar for sengepostar, dag kirurgisk aktivitet og leiarar for sentral operasjons einingar har vore involvert i møte med Riksrevisjonen.

Vi har ikkje venta på den endelege rapporten frå Riksrevisjonen, men har tatt tak i det vi undervegs i samarbeidet med Riksrevisjonen har avdekka av moglegheiter til forbetring.

Vi ynskjer å nytta revisjonar offensivt til læring og forbetringar. Der Riksrevisjonen har gitt oss nye dimensjonar har vi raskt stilt tilsvarande analysar til disposisjon for leiarar i helseføretaka. Vi må gi leiarar tid til å nytte ny kunnskap og legge til rette for rettleiing og hjelp. Våre leiarar ynskjer å levere gode resultat saman med deira medarbeidarar for pasientane og arbeidsmiljøet på si eining.

Vi vil sjå nærare på korleis vi kan dra ytterligere nytte av Riksrevisjons analysar.

Sjølv om mange allereie har gjort mykje gjennom mange år, er mange av tiltaka som må til krevjande, og der ein må påverke kultur for planlegging. Vi ser gjennom «Alle møter» programmet at leiarar og medarbeidarar vil og kan spele på lag for å oppnå det ekstraordinære som ein del av det ordinære. Vi må framleis halde fram med tilrettelegging av utvikling snarare enn å vere dyktige på å beskrive problem. Gode resultat frå ei eining smittar raskt til nye einingar, om prosessane blir opplevd som opne og konstruktive. Meininger og leiarar/medarbeidarar sine refleksjonar må ikkje sjåast på som motstand. Det ligg verdi i å få beskrive «si oppleving og kva ein meiner og trur» før ein er klar til ny giv.

Vi må evne å sjå nærare på deira tilnærming og justere for forhold vi har påpeika undervegs i revisjonen, der vi meiner det er forhold som ikkje er del av Riksrevisjonen sin rapport.

Dersom ein tenker seg at ein skal dele året inn i ulike periodar med høgare arbeidstidsuttak i ein periode for å ha et lågare arbeidstidsuttak i andre periodar, er dette ein krevjande tilnærming. Det er mogleg å inngå avtalar for gjennomsnittsberekning av arbeidstida på høgst eit år. Sjølv med avtalar om gjennomsnittsberekning av arbeidstida er det eit avgrensa handlingsrom til høgt uttak i ein periode om ein ynskjer ein vesentleg lågare bemanning ein anna periode.

Arbeidsmiljølova er ein vernelov der arbeidsgjevar har ein plikt til å ta omsyn til reglane for arbeidstid. Desse rammene må ligge til grunn for alt arbeid med arbeidsplaner. I tillegg har partane inngått tariffavtalar som også regulerar arbeidstid. Desse perspektiva er det ikkje tatt omsyn til i Riksrevisjonens arbeid. Vi skulle og ynskt at Riksrevisjonen hadde nytta talunderlag for 2014. Svært mange einingar har endra tilnærminga til arbeidsplanlegging etter 2013. Mellom anna har helseføretaka inngått avtalar om gjennomsnittsberekning av arbeidstida på eit år, sjølv om det ennå er tiltak som skal gjennomførast.

Det er konstruktivt at Riksrevisjonen bidrar med sitt kunnskapsgrunnlag, men det mister noko aktualitet når det blir presentert hausten 2015 med tilbakeblikk på 2013.

Der det blir påpeika at leiarar ikkje har tilstrekkeleg styringsinformasjon trur vi det meir beror på korleis leiarar klarer å nytte informasjonen og om dei nyttar informasjonen strategisk i sitt arbeid.

Helse Vest har gitt innspel og kommentarar til revisjonsrapporten til HOD.

Oppsummering av funn:


- Helseføretaka kan nytte ressursane meir effektivt
- Leiarane sin styringsinformasjon gir ikkje godt nok grunnlag for å sikre effektiv bruk av pleieressursane
- Planlegginga av bemanninga er ikkje tilpassa godt nok til variasjonar i pasientbelegget
- Meir samarbeid mellom sengepostar kan gi meir effektiv bruk av pleieressursane
- Undersøkinga er gjort for sengeposter i Helse Nord, Helse Sør-Aust og Helse Vest. Det er ikkje gjort undersøking i Helse Midt-Noreg og heller ikkje ved fleire store helseføretak i Helse Sør-Aust
- Det er store forskjellar i arbeidsproduktivitet mellom likearta sengepostar
- Dei fleste sengepostane kan bli meir effektive
- Dersom alle sengepostane hadde auka produktiviteten i dei månedane dei ligg under sitt eige årsgjennomsnitt, opp til gjennomsnittsnivået, ville denne auka i produktivitet ha svart til 5 prosent av alle posten sine vakttimar.
- Det berekna effektiviseringspotensialet i sengepostane varierer mellom 2 og 15%.

Resultat for helseføretaka i Helse Vest:

			Sengeposter med LAV arbeidsproduktivitet og resultatet på produktivetskomponentene Tabell 1 i Riksrevisjonens rapport			
Foretak	Sykehus	Avdelingsbeskrivelse	Dimensjonering	Pleiebehov	Liggetid	Kapasitetsutnyttelse
Helse Bergen	Haukeland universitetssjukehus	Post 1 Gastrokirurgi				
Helse Bergen	Haukeland universitetssjukehus	Lunge post 1				
Helse Fonna	Haugesund sykehus	Kirurgisk 4 Vest Haugesund				
Helse Fonna	Haugesund sykehus	Medisinsk intensiv Haugesund				
Helse Førde	Lærdal sjukehus	Ortopedi/Kir sengepost Lærdal				
Helse Førde	Førde sjukehus	Ortopedisk sengepost Førde				
Helse Førde	Lærdal sjukehus	Medisinsk sengepost Lærdal				
Helse Førde	Nordfjord sjukehus	Medisinsk sengepost Nordfjord				
Helse Stavanger	Stavanger Universitetssykehus	Ortopedisk post 5H				
Helse Stavanger	Stavanger Universitetssykehus	Kirurgisk gastropost 6H				
Helse Stavanger	Stavanger Universitetssykehus	Kirurgisk gastropost 6G				
Helse Stavanger	Stavanger Universitetssykehus	Kardiologisk med. post 3H				
Helse Stavanger	Stavanger Universitetssykehus	Medisinsk lungepost 4G				

			Sengeposter med høy arbeidsproduktivitet og resultater på produktivetskomponentene - Tabell 2 i Riksrevisjonens rapport			
Foretak	Sykehus	Avdelingsbeskrivelse	Dimensjonering	Pleiebehov	Liggetid -	Kapasitetsutnyttelse
Helse Bergen	Haukeland universitetssjukehus	Hjerte post 4				
Helse Fonna	Haugesund sykehus	Lungepost Haugesund				
Helse Førde	Førde sjukehus	Medisinsk sengepost Førde				
Helse Stavanger	Stavanger Universitetssykehus	Ekir,Gkir,Ort post 5G				

Allereie i 2007 blei følgjande prosess for etablering av arbeidsplanar utvikla for heile føretaksgruppa Helse Vest:




Arbeidsprosessane som er vist ovanfor er i tråd med oppdaterte prosesskart etter innføring av avansert oppgåveplanlegging.

Det er stilt omfattande analyse og støtte til disposisjon for leiarar uavhengig av om ein leiar sengepost eller andre einingar. Vi har lagt vekt på at vi skal unngå repeterande rapportering men ha meir fokus på analyse, kunnskapsgrunnlag og betre planlegging framover.

Helse Vest ser at sjølv om leiarar har styringsinformasjon er det framleis er grunn til å satse på kunnskap om aktivitet og bemanningsplanlegging og at vi legg enno meir til rette for leiarane med meir rettleiing, prosess støtte og analyse.

Prinsipp for det vidare arbeidet i føretaksgruppa Helse Vest:



Leiargruppene i helseføretaka har gitt si tilslutning til det vidare arbeidet. Ein del av dette blir del av «Alle møter» programmet som ikkje er avgrensa til poliklinikkar og dag behandling. «Alle møter» er endra frå eit prosjekt til eit programområde med utvida omfang.

Hovudprinsipp for det vidare arbeidet:

Kva aktivitet skal det planleggast for i tida framover:

1. *Kva pasientbelegg og kva aktivitet planlegg vi for å møta for aktuell planperiode*
2. *Korleis bemannar vi i forhold til aktiviteten*

Kunnskapsgrunnlag som skal nyttast er analysar av korleis aktiviteten som ligg bak oss har vore:

1. *Veke og døgnprofil, fast eller variabel?*
2. *Jamn drift, eller store variasjonar*

Helse Vest RHF har i rapporteringsmøtet juni 2015 gjort greie for tiltak og prosessar som rettar seg særskilt mot sengepostar. Styret blei i styremøtet juni 2015 orientert og vist utdrag frå gjennomgangen frå rapporteringsmøtet med HOD. Det er dette ein bygger det vidare arbeidet på i føretaksgruppa Helse Vest.

Vedlegg

Rapport frå Riksrevisjonen